



# SOLLIFJELLET

FORSAND KOMMUNE

## FAKTA

Lengde: 2-3 timer tur-retur

Passar for: Familietur

Parkering: God plass på Skrøylå

Kartblad: 1312 IV: Frafjord

### Verd å merka seg:

Turen startar på Skrøylå, men det er også mogleg å kjøra til endes i Fossmark og gå opp langs gardsvegen. Dette er privat grunn, så det er spesielt viktig å visa omsyn. Sollifjellet kan kombinerast med ein tur til Griggelia.



Foto: Roy Mangersnes

## OM TUREN

Frå Skrøylå kan ein fylgja kjerrevegen inn gjennom skogen. Ei bru gjer det lett å kryssa elva. På andre sida gjeld det å finna dei små vardane som viser vegen opp mot Sollifjellet. Eit lite stykke oppi lia blir skogen tett og stien vanskeleg å finna, men her er det bare å peila seg inn på skaret og fylgja kanten til ein når tjødna på toppen. Vel oppe er det greit å finna att stien og fylgja denne til topps. Det er ikkje spesielt vanskeleg å koma seg opp på Sollifjellet, men utsikten frå toppen kan ta pusten frå dei fleste. Her kan ein sjå til Neverdalsfjella med Preikestolen, og til Bratteli og Hengjane.

Det er som sagt og mogleg å starta turen i enden av vegen inne i Fossmark. Turen går då på gardsveg gjennom innmark, men så lenge ein er høfleg og lukkar att grinda etter seg, er dette utan problem. Hugs og at her er husdyr på beite, så hold hunden i band.

### Ein rik natur

Turen frå Skrøylå og Fossmark, opp til Sollifjellet går gjennom mange spanande naturtypar. I Fossmark finn vi kulturlandskapet med flotte steingardar, gamle ferdselsvegar og fine åpne beitemarker. Lenger oppe dominerer skogen med bjørk på stadig frammarsj. Gråspetten trivst spesielt godt i desse områda.

Frå Skrøylå og innover mot Endrane går ein på gamal anleggsveg, men og her har skog tatt att områda sine. Om våren kan ein høyra den karakteristiske lyden frå gauken her inne. Over elva og opp mot Sollifjellet finn ein mykje lyng og då og bærlyng. Det kan vara godt å sitja ned i bakkane her og smaka på naturens godsaker. Om ein er riktig så heldig kan ein kanskje høyra ein orrfugl buldra, eller sjå ein elg eller hjort kryssa dalen. Det er mykje dyr rundt Sollifjellet.



